**Universitetet i Bergen**
**Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)**

---

# Innkalling til møte
# Utval for undervisning og internasjonalisering (UUI)

Tid: mandag 10. september 2012, kl. 13.15-1500.
Stad: rom 435, HF-bygget

Til: Hilde G. Corneliussen (undervisningsleder), Jørgen Sejersted, Ivar Utne, Elisabeth Bjugn, Keld Hyldig, Erling Aadland, Helge Dyvik, Pär Sandin, Rolf Beev, Bente Kiilerich, Fredrik Longva, Thea C. Lerfald, Svanhild Berge, Gjert Vestrheim (programkoord. retorikk), Kari Jegerstedt (programkoord. kjønnsstudier).

Kopi: Siri Fredrikson, Johan Myking, studieadministrasjonen, studentrepresentantane i instituttrådet.

## Saksliste

**UUI-sak 29/12: Godkjenning av innkalling og saksliste.**

**UUI-sak 30/12: Orienteringssaker**

1. Referat fra forrige møte. Dokumentasjon vedlagt.
2. Nye fag- og programkoordinatorer høsten 2012. Muntlig orientering.
3. Studenttall høsten 2012. Nye studenter og vurderingsmeldinger. Dokumentasjon vedlagt.
4. Innlevering av eksamensbesvarelser kun elektronisk (Mi side) fra høsten 2012. Muntlig orientering.
5. Arbeidet med programsensorer. Muntlig orientering.

**Vedtakssaker:**

**UUI-sak 31/12: Studieplaner kunsthistorie**

**UUI-sak 32/12: Studieplaner teatervitenskap**

**UUI-sak 33/12: Emneplan på KVIK101**

**UUI-sak 34/12: Emneplan på DASP307**

**UUI-sak 35/12: Retningslinjer for ekstern sensor**

**UUI-sak 36/12: Retningslinjer for emneevaluering**

**Diskusjonssaker**

**UUI-sak 37/12: Høringssak om BA-strukturen**

**UUI-sak 38/12: ePhorus, oppsummering av erfaringer**

**UUI-sak 39/12: Eventuelt**

| UUI-sak 30/12 | O-sak 1: Referat fra UUI-møte 11.06. 2012 | |
|---|---|---|
| | | |

## Referat frå møte i UUI
Tid: måndag 11. juni, kl 13.15-15:00
Sted: rom 435, HF-bygget

**Til stades**: Hilde G. Corneliussen (undervisningsleder), Gunnstein Akselberg, Sigrun Eilertsen, Knut Ove Arntzen, Erling Aadland, Helge Dyvik, Rolf Beev (kom under o-sak 5), Fredrik Longva, Arnt Robert Leganger.
**Meldt forfall**: Christine Hamm, Pär Sandin, Bente Kiilerich, Thea C. Lerfald, Svanhild Berge.

## Saksliste
**UUI-sak 22/12: Godkjenning av innkalling og saksliste.**

Godkjend. For ettertida blir referata publiserte på nettsida til instituttet etter at merknadsfristen er gått ut. Referata vil bli lagde fram for UUI som orienteringssaker til påfølgjande møte.

**UUI-sak 23/12: Orienteringssaker**

1. Innføring av plagiatsjekk i ePhorus. UUI meinte at både emneansvarleg og eksamenskonsulent bør gå gjennom rapportane frå ePhorus våren 2012, då det er viktig at også fagmiljøa får kjennskap til korleis ePhorus fungerer og gjer seg erfaring med bruken av rapportane.
2. Oppretting av programstyre ved LLE. Det er oppretta programstyre på nordisk og kunsthistorie i vår. Instituttleiar vil ta tak i arbeidet med å opprette programstyre på dei resterande faga i august.
3. Behandling av programstyrereferat. Programstyrereferat blir frå hausten av lagt ut på ei nettside tilknytta LLE, på same måte som sakspapir frå UUI.
4. Samarbeid med Karrieresenteret om yrkesrettleiing. LLE samarbeider med Karrieresenteret om å lage seminar/workshops om yrkesmoglegheiter tilpassa faga og programma ved LLE. Planen er å kjøyre ein pilot hausten 2012 og deretter få dette til å bli eit fast årleg tilbod ved LLE. Instituttet vil gjerne samarbeide med fagutvala om planleggjing og gjennomføring av slike kurs/workshops.
5. Tildeling til prosjekt gjennom Samarbeidsprogrammet med Russland.
6. Redaksjonelle endringer i studie- og emneplanar: informasjon om ordbok på alle emne med skoleeksamen på gresk og latin, informasjon om krav til språkføring på emna i norsk som andrespråk, tekstlig justering av emneplanen på NORMAU651, tekstlig justering på NODI302.
7. Undervisningsleiar informerte om at representantar som ikkje kan møte til UUI, bør sende ein annen representant frå fagmiljøet dersom det er mogleg.

**Vedtakssaker:**

**UUI-sak 24/12: Studie- og emneplanendringar NOLISP300 og NOSP200- og 300-nivå**

> **Vedtak:**
> UUI vedtar programstyret sine endringar i emnetilbodet på 200- og 300-nivået i nordisk språk og litteratur. Endringane i emne- og studieplanar blir gjort gjeldande frå hausten 2013. Emnekodane bør harmoniserast før innsending til fakultetet, slik at dei signaliserer kva emnekodar som har felles undervisning.

**UUI-sak 25/12: Endringar i obligatoriske aktivitetar på fjernstudiet i norsk som andrespråk**
I saksomtalen er omgrepet «mappeoppgåve» fortsatt med under omtalen av vurderingsforma i emnet. «Mappeoppgåve» er elles erstatta av «rettleidd oppgåve» i emneomtalane.

Fakultetet sin frist for innsending av emneplanendringar for hausten 2012 var eigentleg 15. februar, men då det her er snakk om fjernstudieemne bed instituttet likevel om å få innføre endringane til tross for at me er seine med å sende inn saka. Fjernstudieemna blir lyst ut enkeltvis og for kvart semester og fakultetet er normalt lempelegare med fristane for desse emna då det har liten konsekvens for studentar i eit studieløp om ein gjer endringar på kortare varsel. Endringane på desse to emna er også meir ei tilpassing av emneplanen og ikkje eigentleg reell endring av praksis på emnet.

> **Vedtak:**
> UUI vedtar endringane i obligatoriske aktivitetar for NORAN101-F og NORAN104-F. Instituttet bed fakultetet om at endringane kan trå i kraft frå hausten 2012. Dei andre endringane på NORAN-emna som er handsame i programstyre blir sendt inn som redaksjonelle endringar til fakultetet og vi såleis også gjelda frå hausten 2012.

**Diskusjonssaker:**
**UUI-sak 26/12: Oppfølgjing av evaluering ved LLE**
Undervisningsleiar innleidde i saka med å referere til evalueringsseminaret og ta opp att dei viktigaste momenta som kom fram der. Det var mange fagkoordinatorar som ikkje var til stades på evalueringsseminaret og undervisningsleiinga har derfor laga eit fyldig referat frå seminaret og ønskjer å arbeide vidare med å få betre rutinar for evaluering ved instituttet.
Diskusjonen i møtet 11.6. hadde blant anna fokus på korleis vi kan få engasjert både emneansvarlege og studentar i evalueringsarbeidet, skape større engasjement kring arbeidet, opne for at studentane i større grad kan sjå at fagmiljøa nytter den tilbakemeldinga studentane gir i planleggjinga av sine undervisningstilbod.
I diskusjonen i møtet kom det fram at det er ønskjeleg å unngå samanfall mellom Fagkritisk dag og vinterferieveka, då det er tyngre for fagutvala å få til godt oppmøte frå studentar og tilsette i denne veka.
Undervisningsleiar vil følgje opp evalueringssaka igjen i UUI til hausten og i den samanhengen sjå på om det bør utarbeidast eit årshjul for evlaueringa ved LLE.
Ved semesterstart hausten 2012 bør det informerast på orienteringsmøta om kva for emne som skal evaluerast, og gjerne også korleis evalueringa vil finne stad.

**UUI-sak 27/12: Retningsliner for godkjenning og bruk av eksterne sensorar.**
UUI diskuterte retningslinene for godkjenning av eksterne sensorar. Det blei peikt på at å krevje at ekstern sensor ikkje kan ha hatt undervisningsoppgåver for LLE på minst to år kan vere for strengt.
Undervisningsleiinga vil samle punkta i LLEs og IF retningsliner i eitt dokument, som både omtalar når det er krav om å bruke ekstern sensor og dessutan kva kompetansekrav som gjeld for å kunne godkjenne og oppnemne ein ekstern sensor.

**UUI-sak 28/12: Møtedatoar hausten 2012**
10. september (frist for innsending av studieplansaker: 27.8.)
15. oktober
26. november

Arntzen varslet sak om 100-nivået i teatervitenskap møtet 10. september.

14. juni

Hilde G. Corneliussen
*undervisningsleiar*

Ranveig Lote
*studieleiar*

Merknadsfrist: 22. juni. Det kom ingen merknader.

| UUI-sak 31/12 | Studieplaner kunsthistorie | |
|---|---|---|
| Vedlegg 1 | Studieplan for BA-programmet i kunsthistorie | |
| Vedlegg 2 | Emnetabell og krav til spesialisering, inkl. emneomtaler | |
| Vedlegg 3 | Referat fra programstyremøtet 15.06.12 | |

Kunsthistorie har siste året gjennomgått sitt emnetilbud på bachelornivå og foreslår nå endringer i emneporteføljen med tanke på iverksetting våren 2013. Fagmiljøet har tidlig i prosessen fått grønt lys av fakultetet til å jobbe med endringene. Siden 2009 har 100-nivået i kunsthistorie bestått av tematiske emner, der ett emne har vært obligatorisk introduksjonsemne, mens studentene ut over dette har kunnet velge tre av seks 100-emner. De foreslåtte endringene tilbakefører nå 100-nivået til fire kronologisk inndelte og obligatoriske emner, et obligatorisk emne på 200-nivå og dessuten et valgfritt 200-emne med bacheloroppgave.

Tilbudet på 200-nivå består av totalt ti mulige emner, men der det normalt gis tre emner hvert semester. KUN201 er obligatorisk og går fast hvert semester, KUN258 er programemne i BA i retorikk og gis fast hver vår. De andre 200-emnene har bacheloroppgave og gis med ujevne mellomrom avhengig blant annet av tilgjengelige undervisningsressurser. Et siste emne er NEU201, som er et tverrfaglig emne. Dette kan ikke inngå i spesialiseringen i kunsthistorie men kan tas som frie studiepoeng. Det har også vært godkjent som valgemne i mastergraden.

Studieplanene har blitt behandlet først i programutvalgsmøte og deretter i to programstyremøter i løpet av våren 2012. I etterkant av det siste møtet 15. juni ble studieplanene sendt inn til fakultetet til orientering og kvalitetssikring. Kommentarene fra fakultetet er innarbeidet i studie- og emneplanene som nå legges frem for UUI. Fakultetet har også etterlyst språkvask av studie- og emneplanene. Det vil måtte foretas før innsending til fakultetet.

**Forslag til vedtak:**
UUI vedtar de foreslåtte studie- og emneplanene for kunsthistorie med virkning fra våren 2013. Språkvask må foretas.

**Vedlegg 1: Studieplan for BA-programmet i kunsthistorie**

| Kategoriar | |
|---|---|
| Programnamn, norsk | Bachelorprogram i kunsthistorie |
| Programnamn, engelsk | Bachelor Programme in History of Art |
| Undervisningsspråk | Normalt norsk, med mindre anna er opplyst i emneplanen for det einskilde emnet. |
| Studiepoeng | 180 |
| Mål og innhald | Bachelorpgrogrammet i kunsthistorie er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet skal innehalde 30 |

| | |
|---|---|
| | studiepoeng med innføringsemne (Ex.phil. og Ex.fac.), 90 studiepoeng med spesialisering i kunsthistorie og valemne tilsvarande 60 studiepoeng.<br><br>Bachelorprogrammet i kunsthistorie skal gi teoretiske, analytiske og metodiske føresetnader for å forstå kunsthistorie og visuell kultur som historisk, kulturelt og sosialt fenomen.<br><br>Vi utforskar historia til biletmedia frå antikken til i dag - måleri, skulptur, masseproduserte bilete og moderne sjangrar som fotografi, film og elektroniske bilete, samt andre visuelle uttrykk; arkitekturhistorie og bygningsvern; byplanleggjing, hage- og landskapsarkitektur, kunsthandverk, kunstindustri og design; landskaps- og naturframstilling og visuell retorikk.<br><br>Bachelorprogrammet i kunsthistorie tar sikte på å gi ei generell innføring i den historiske utviklinga av måleri, skulptur, arkitektur og visuell kultur i Europa frå antikken og fram til vår eiga tid, og frå nyare tid også i USA. Programmet skal òg gi ei fordjuping i spørsmål om tolking, historisk utvikling, den samfunnsmessige karakteren til den visuelle kulturen og tilhøvet mellom det estetiske og det historiske i kunsten. |
| Læringsutbyte | Bachelorprogrammet i kunsthistore gir kunnskap om visuell kultur og kunst frå antikken og fram til i dag. Det skal gi studentane kompetanse i å handsame teoretiske problem i omgangen med ulike visuelle uttrykk med konkrete døme frå historie og samtid. Kandidaten skal dessutan kunne nytte sin kombinasjon av fag i spesialiseringa og i dei valfrie emna i vidare utdanning eller yrkesplanar. |
| Opptakskrav | Generell studiekompetanse eller realkompetanse. |
| Tilrådde forkunnskapar | Ingen |
| Innføringsemne | Bachelorprogrammet i kunsthistorie skal innehalde 30 studiepoeng innføringsemne (førstesemesterstudiet):<br><br>• EXPHIL Examen philosophicum<br>• EXFAC00AK Akademisk skriving<br>• EXFAC00SK Språk og kommunikasjon *eller*<br>• EXFAC00TK Tekst og kultur<br><br>Tekst og kultur er tilrådd.<br>Bachelorgraden kan ikkje innehalde meir enn 30 stp |

| | |
|---|---|
| | innføringsemne. |
| Obligatoriske emne/spesialisering | Bachelorprogrammet skal innehalde ei fagleg spesialisering i kunsthistorie på 90 studiepoeng.<br><br>Følgjande emne er obligatoriske i spesialiseringa og programmet:<br><br>*KUN121 – Kunst og arkitektur i antikk og mellomalder (600 f.kr-1400 )*<br>*KUN122 – Kunst og arkitektur, tidlig nytid (1400-1750)*<br>*KUN123 – Kunst og arkitektur, nyere tid, (1750-1900)*<br>*KUN124- Kunst og arkitektur, moderne tid og samtid, (1900- i dag)*<br>*KUN201 – Estetikk, teori og historiografi*<br><br><br>Studenten må dessutan velje eitt av desse emna:<br>KUN252: *Fotografiets teori* og historie med bacheloroppgåve (15 stp)<br>KUN253: Antikken og den klassiske tradisjon med bacheloroppgåve (15 stp)<br>KUN254: Moderne kunst med bacheloroppgåve (15 stp)<br>KUN255: Arkitektur med bacheloroppgåve (15 stp)<br>KUN256: Områdestudium med bacheloroppgåve (15 stp)<br>KUN257: *Økologi og naturhistorie som visuell kultur*med bacheloroppgåve (15 stp)<br>*KUN258: Visuell retorikk med bacheloroppgåve*<br>*KUN259: Kunsthistorisk særemne med bacheloroppgåve*<br><br>I det valfrie emnet på 200-nivå skal studenten skrive ei rettleia semesteroppgåve (bacheloroppgåve). Dette for å tilfredsstille gradskravet om eit sjølvstendig skriftleg arbeid på 15 studiepoeng, jfr. Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultet. |
| Tilrådde valemne | Studenten kan, i tillegg til spesialiseringa i kunsthistorie, velje emne innanfor skulefag, språkfag, historie- og kulturfag, estetiske fag eller andre fag som er relevante for studenten si vidare utdanning eller yrkesplanar.<br><br>***NEU****201kan veljast som del av dei 60 frie studiepoenga i bachelorgraden.* |
| Rekkefølgje for emne i studiet | Studieløpet i bachelorprogrammet i kunsthistorie kan til dømes sjå slik ut: |

| | |
|---|---|
| | 1. semester (haust):<br>Førstesemesterstudiet Ex.phil. og Ex.fac. (30 stp)<br><br>2. semester (vår):<br><br>*KUN121: Kunst og arkitektur – antikk og mellomalder (600 f.kr-1400)*<br>*KUN122: Kunst og arkitektur – tidleg nytid (1400-1750)*<br>3. semester (haust):<br><br>*KUN123: Kunst og arkitektur – nyare tid (1750-1900)*<br>*KUN124: Kunst og arkitektur – moderne tid og samtid (1900-i dag)*<br>4. – 6. semester:<br>I dei siste tre semestra tar studentane 200-nivået i spesialiseringa i kunsthistorie og dessutan valemne tilsvarande 60 studiepoeng i andre fag.<br><br>200-nivået i spesialiseringa i kunsthistorie kan takast vår eller haust.<br>Det obligatoriske emnet KUN201 går både haust og vår, medan dei andre 200-emna går anten haust eller vår.<br><br>Om våren (4. eller 6. semester) kan ein velje mellom:<br>*KUN201: Estetikk, teori og historiografi*<br>*KUN258: Visuell retorikk med bacheloroppgåve*<br>*Minimum eitt emne med bacheloroppgave*<br><br>Om hausten (5. semester) kan ein velje mellom<br>*KUN201: Estetikk, teori og historiografi*<br>*Minimum to emne med bacheloroppgåve.*<br><br>*Hvilke bacheloroppgåveemne som blir gitt kan variere frå semester til semester.*<br><br>Ei generelle tilråding som ligg til grunn for døma over er at før ein tar fatt på 200-nivået bør ein ha fullført 60 studiepoeng på 100-nivå, |
| Krav til progresjon i studiet | For ein fulltidsstudent er normal studieprogresjon 30 studiepoeng kvart semester. |
| Delstudium i utlandet | Studentane kan ta delar av bachelorprogrammet som utvekslingsstudent i eit anna land. Dei kan velje blant Universitetet i Bergen sine avtaler i heile verda, anten for å ta delar av spesialiseringa i kunsthistorie eller for å ta valemne i graden. Emna må godkjennast av Det humanistiske fakultet i forkant av utanlandsopphaldet. |

| | |
|---|---|
| Undervisningsmetodar | Bachelorprogrammet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes forelesing, seminar, gruppeundervisning og individuell rettleiing.<br>For meir detaljert informasjon, sjå emneplanen for det einskilde emnet. |
| Vurderingsformer | Gjennom programmet vert studentane prøvd på ulike måtar, eksempelvis ved, skoleeksamen, rettleidd oppgåve og munnleg prøve.<br>For meir detaljert informasjon, sjå emneplanen for det einskilde emnet. |
| Karakterskala | Ved sensur kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:<br>1) Karakterskala A-F<br>2) Bestått/ikkje bestått<br>For meir detaljert informasjon, sjå emneplanen for det einskilde emnet. |
| Kompetanse for vidare studium | Bachelorprogrammet i kunsthistorie gir grunnlag for å søkje opptak til masterprogrammet i kunsthistorie. |
| Yrkesvegar | Bachelorstudiet i kunsthistorie gir kompetanse for arbeid med til dømes:<br>• kunstformidling i museum og andre formidlingsinstitusjonar<br>• kulturjournalistikk og informasjonsarbeid innanfor kunst- og kulturfeltet<br>• kulturminneforvaltning, kunst- og kulturadministrasjon på sentralt og lokalt plan<br>• undervisning i ulike samanhengar |
| Evaluering | Evaluering av programmet vert gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem. |
| Oppstart | Haust |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Programansvarleg | Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium<br>E-post: studierettleiar@lle.uib.no |

## Vedlegg 2: Emnetabell og krav til spesialisering, inkl. emneomtaler

| | | |
|---|---|---|
| *Emne* | ***KUN121*** | ***KUN122*** |
| *Vekting* | *15 studiepoeng* | *15 studiepoeng* |
| *Namn* | *Kunst og arkitektur – antikk og mellomalder(600 f.kr-1400)* | ***Kunst og arkitektur- tidleg nytid (1400-1750)*** |
| *Undervisning* | *Vår* | *Vår* |
| | | |
| *Emne* | ***KUN123*** | ***KUN124*** |

| | | |
|---|---|---|
| *Vekting* | *15 studiepoeng* | *15 studiepoeng* |
| *Namn* | ***Kunst og arkitektur – nyare tid (1750-1900)*** | ***Kunst og arkitektur – moderne tid og samtid (1900-i dag)*** |
| *Undervisning* | *Haust* | *Haust* |
| | | |
| *Emne* | ***KUN201*** | *NEU201* |
| *Vekting* | *15 studiepoeng* | *15 studiepoeng* |
| *Namn* | *Kunstteori, estetikk og historiografi* | *Nevroestetikk* |
| *Undervisning* | *Vår/ haust* | *Vår/haust – ikkje fast* |
| | | |
| *Emne* | ***KUN252*** | ***KUN253*** |
| *Vekting* | *15 studiepoeng* | *15 studiepoeng* |
| *Namn* | ***Fotografiets teori og historiemed bacheloroppgåve*** | *Antikken og den klassiske tradisjonen med bacheloroppgåve* |
| *Undervisning* | *Vår/haust – ikkje fast* | *Vår/haust – ikkje fast* |
| | | |
| *Emne* | *KUN254* | *KUN255* |
| *Vekting* | *15 studiepoeng* | *15 studiepoeng* |
| *Namn* | *Moderne kunst med bacheloroppgåve* | *Arkitektur og bygningsvern med bacheloroppgåve* |
| *Undervisning* | *Vår/haust – ikkje fast* | *Vår/haust – ikkje fast* |
| | | |
| *Emne* | ***KUN256*** | ***KUN257*** |
| *Vekting* | *15 studiepoeng* | *15 studiepoeng* |
| *Namn* | ***Områdestudium med bacheloroppgåve*** | *Økologi og naturhistorie som visuell kultur med bacheloroppgåve* |
| *Undervisning* | *Vår/haust – ikkje fast* | *Vår/haust – ikkje fast* |
| | | |
| *Emne* | ***KUN258*** | ***KUN259*** |
| *Vekting* | *15 studiepoeng* | *15 studiepoeng* |
| *Namn* | ***Visuell retorikk med bacheloroppgåve*** | *Kunsthistorisk særemne med bacheloroppgåve* |
| *Undervisning* | *Vår* | *Vår/haust – ikkje fast* |

## Krav til spesialisering i Bachelorgraden

Spesialiseringa i kunsthistorie har ei normert studietid på tre semester og tel 90 studiepoeng. Spesialiseringa i kunsthistorie skal romme *dei obligatoriske emna KUN121, KUN122, KUN123, KUN124 og KUN201* og eitt fordjupingsemne på 200-nivå med bacheloroppgåve (val mellom KUN252, KUN253, KUN254, KUN255, KUN256, KUN257, *KUN258 og KUN259*). Spesialiseringa i kunsthistorie utgjer opptaksgrunnlaget til mastergraden.

Emnet KUN201: *Kunstteori, estetikk og historiografi* (undervisning vår og haust) er teoriemnet for spesialiseringa i kunsthistorie. Andre teoriemne kan verte godkjende

etter særskild søknad. Søknaden bør vera instituttet i hende minst 2 veker før registreringsfristen 1. februar/1. september
Studentar med annan kunstteoretisk bakgrunn frå norske eller utanlandske lærestader kan søkje særskilt om å få innpassa denne utdanninga som del av spesialiseringa i kunsthistorie ved UiB eller som likestilt med denne.

Dersom studentar ønskjer å utveksle til utanlandske lærestader bør dette skje på 200-nivå, eller som del av dei frie studiepoenga.

**Særlege krav til spesialisering for studentar på desse bachelorprogramma:**

**Bachelorprogram i retorikk:** Spesialiseringa i kunsthistorie
Må avklarast med retorikkprogrammet.

**Vedlegg 3:**
**Vitnemålstekst**
Dagens tekst:
*Graden Bachelor i kunsthistorie ved det humanistiske fakultet*
*Studiets målsetning.*
*Bachelorprogrammet i kunsthistorie tar sikte på å gi teoretiske, analytiske og metodiske forutsetninger for å forstå kunsthistorie og visuell kultur som historisk, kulturelt og sosialt fenomen. Programmet utforsker den historiske utviklingen av maleri, skulptur, arkitektur og visuell kultur i Europa fra antikken frem til vår egen tid, og fra nyere tid også i USA. Programmet skal også gi en fordypning i spørsmål om tolkning, samfunnsmessige aspekt til den visuelle kulturen og forholdet mellom det estetiske og historiske i kunsten.*

*Programmet gir studentene kompetanse i å behandle teoretiske problem i omgangen med ulike visuelle uttrykk med konkrete eksempler fra historie og samtid. Programmet gir studentene* bred kunnskap om visuell kultur og kunst fra antikken og frem til i dag. Bachelorprogrammet i kunsthistorie gir og kompetanse i å skrive analytiske tekster med utgangspunkt i regler og normer for akademisk skriving, og ferdigheter i analytisk refleksjon og faglig formidling knyttet til visuelt materiale.

Vedlegg 1: Emneplaner

# KUN 121: Kunst og arkitektur i antikk og mellomalder (ca 600 f.kr - 1400)

**Emnenamn, engelsk**

Art and Architecture in Antiquity and the Middle Ages (app. 600 b C – 1400)

**Studiepoeng**

15

**Undervisningssemester**

Vår

**Undervisningsspråk**

Norsk, skandinavisk

**Studienivå**

Bachelor

**Fagleg overlapp**

Emnet har full overlapp med tidligare emne KUN111.

**Krav til studierett**

Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen. Denne eksamenen er og open for personar utan studierett, etter søknad. Sjå UHL § 3-10

**Mål og innhald**

Undervisninga tar sikte på å gi eit innblikk i kunst og visuell kultur i antikken og mellomalderen. Førelesingsrekka starter med ei innføring i sentrale tolkingsverktøy (arkitekturanalyse, bilettolking). Innan antikken vert det lagt vekt på gresk kunst og arkitektur frå arkaisk til og med hellenistisk tid (ca. 600 f. Kr – ca. år 0), samt romersk kunst og arkitektur til og med seinantikken og tidleg kristen tid. Mellomalderen dekker bysantinsk kunst, arkitektur og visuell kultur (ca. 330-1453), samt kunst, arkitektur og visuell kultur i sentrale delar av Vest-Europa med Noreg, fram til ca. 1400. Konkrete verk vil bli kontekstualisert og diskutert ut frå historiske, kulturelle, estetiske, tekniske, ikonografiske, religiøse og teoretiske perspektiv.

**Læringsutbytte/resultat**

Etter å ha fullført emnet skal studenten

- kjenne til sentrale trekk innan biletkunst, arkitektur og visuell kultur frå antikken og mellomalderen.
- kjenne til grunnlagsproblem innan periodens kunst
- *kunne* nytte kunsthistorisk metode til å analysere og reflektere over spørsmål kring eldre kunst og visuell kultur.
- *kunne* vise geografisk tilhøyring og datering av ulike kunstverk frå perioden.
- kunne formidle kunnskapen sin munnleg og skriftleg for eit generelt publikum, på ein akademisk måte.
- ha basiskunnskap om utviklinga av kunsthistoria som disiplin.

**Krav til forkunnskapar**

Ingen.

**Tilrådde forkunnskapar**:

Ingen
**Undervising og omfang**
Undervisinga blir gitt som førelesingar, normalt 12-14 dobbelttimer.
Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi Side. På emne der dette kan vere aktuelt vil studentane får informasjon om det ved semesterstart, og før fristen for semesterregistrering 1. februar / 1. september.
**Obligatoriske arbeidskrav**
Ingen.
**Vurderingsformer**
Eksamen er ei 6 timars skuleeksamen.
**Karakterskala**
Karakterskala A til F
**Læremiddelomtale**
Pensum er på om lag 1000 sider.
**Undervisningssted**
Bergen.
**Emneevaluering**
Evaluering blir gjennomført i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem.
**Kontaktinformasjon**
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium.
E-post: studierettleiar@lle.uib.no

# KUN 122: KUNST OG ARKITEKTUR I TIDLEG NYTID (1400-1750)

**Emnenamn, engelsk**
Art and Architecture in the Early Modern periode (1400-1750)

**Studiepoeng**
15

**Undervisningssemester**
Vår

**Undervisningsspråk**
Norsk

**Studienivå**
Bachelor

**Krav til studierett**
Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen. Denne eksamenen er open for personar utan studierett, etter søknad. Sjå UHL § 3-10.

**Mål og innhald**
Emnet skal gje eit innblikk i kunst, arkitektur og visuell kultur i tidleg nytid, frå sein-mellomalderen til byrjinga på 1700-talet, sett i ein brei kulturhistorisk og sosial kontekst. Emnet vil gje historisk oversikt over kunst, arkitektur og visuell kultur i sentrale delar av Europa, inklusive det austlege Middelhav og Noreg, frå omkring 1400 fram til ca. 1750. Konkrete verk vil bli drøfta og kontekstualisert og diskutert ut frå historiske, kulturelle, estetiske, tekniske, ikonografiske, religiøse og teoretiske perspektiv. Ulike historiske forståingar og teoriar om «kunst» vil og verta vektlagde. Historiske periode- og stilomgrep vil bli problematiserte. Emnet skal gje studentane ei brei innsikt i den visuelle kulturen i perioden.

Førelesningsrekka startar med ei innføring i sentral tolkingsverktøy i faget, både bilet- og arkitekturanalyse.

Val av tematisk tyngdepunkt kan variera frå semester til semester.

**Læringsutbytte/resultat**
Etter å ha fullført emnet skal studenten

- ha brei kunnskap om kunst, arkitektur og visuell kultur i tidlig moderne tid frå omkring 1400 til byrjinga på 1700-talet.

- kjennskap til bilet- og arkitekturanalyse

- kunne syne evne til kritisk refleksjon over kunst, arkitektur og visuell kultur.
- ha ferdigheitar i å vurdere tidlege periodar sine visuelle utrykk.

- kjenne normer og retningsliner for akademisk arbeid.

**Krav til forkunnskaper**
Ingen

**Tilrådde forkunnskapar**:
Ingen
**Undervisning og omfang**
Undervisinga blir gitt som førelesningar og seminar, normalt 12-14 dobbelttimer.

**Obligatoriske arbeidskrav**
Ingen

**Vurderingsformer**
Sju dagars heimeeksamen. Den skriftlege oppgåva skal ha eit omfang på mellom 3500-4000 ord.

**Karakterskala**
Karakterskala A til F der E er siste ståkarakter.

**Læremiddelomtale**
Pensum er på om lag 1000 sider.

**Undervisningssted**
Bergen.

**Emneevaluering**
Evaluering blir gjennomført i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem.

**Kontaktinformasjon**
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium.
E-post: studierettleiar@lle.uib.no

KUN123: Biletkunst, arkitektur og visuell kultur i nyare tid (1750–1900)

**Emnenamn, engelsk:**
**Art, Architecture and Visual Culture in the Era of Modernization (1750–1900)**

**Studiepoeng**
15
**Undervisningssemester**
Haust
**Undervisningsspråk**
Norsk. Dersom det melder seg minimum 5 utanlandske studentar kan undervisninga bli gitt på engelsk.
**Studienivå**
Bachelor

**Krav til studierett**
Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen. Denne eksamenen er og open for personar utan studierett, etter søknad. Sjå UHL § 3-10

**Mål og innhald**
Emnet tek opp ulike tema i kunst, arkitektur og visuell kultur i Norge og i resten av Europa frå 1700- og 1800-talet. Framveksten av den moderne kunstinstitusjonen frå 1700-talet og den tidlege modernismen på 1800-talet er sentrale tema. Emnet legg óg særleg vekt på dei endringane som ny vitskap, teknologi og mekanisering førte med seg - inkludert introduksjonen av eit nytt biletmedium, fotografiet. Vidare vil kunsten si rolle i høve til politiske prosessar, som til dømes nasjonsbygging og kolonisering, bli tematisert. Emnet skal gje grunnleggjande breiddekunnskap og overblikk, men val av tematisk tyngdepunkt kan variera frå semester til semester.

Emnet gir kompetanse i dokumentasjons- og registreringsarbeid innan museumsvesen og offentleg forvaltning, samt kunstformidling og undervisning generelt. Emnet er godt eigna i kombinasjon med andre estetiske fag og kulturfag.

**Læringsutbytte/resultat**
Ved endt emne skal studentane:

- Ha kunnskap om sentrale utviklingstrekk innan biletkunst, arkitektur og visuell kultur i perioden 1750-1900.
- Kunne analysere, tolke og drøfte ulike verk i ein kunsthistorisk kontekst, og syne kva geografisk tilhøyring, datering og attribuering ulike kunstverk frå perioden har.
- Kjenne att karakteristiske trekk, og kunne formulere ei grunngjeving og argumentasjon for desse
- Ha generell kompetanse i bilettolking og arkitekturanalyse.

**Krav til forkunnskapar**
Ingen

**Tilrådde forkunnskapar**
Kunsthistorieemna KUN121 og 122 vil vere ein føremon.
**Undervisning og omfang**
Undervisninga vert gitt som førelesingar, normalt 12-14 dobbelttimar.
Førelesingsrekkja startar med innføring i bruk av digitalt verktøy for bilet- og arkitekturanalyse.
Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi Side. På emne der dette kan vere aktuelt vil studentane får informasjon om det ved semesterstart, og før fristen for semesterregistrering 1. februar / 1. september.

**Obligatoriske arbeidskrav**
*Ein skriftleg breiddetest vil bli gitt i slutten av semesteret. Breiddetesten må vere godkjend før kandidaten kan gå opp til eksamen.*

**Vurderingsformer**
*Eksamen er ein førebudd munnleg prøve der studenten skal presentere og diskutere eit kunst- eller arkitektonisk verk som er omhandla i pensum.*

**Karakterskala**
Karakterskala A til F, der E er siste ståkarakter

**Læremiddelomtale**
Pensum er på om lag 1000 sider.

**Undervisningssted**
Bergen

**Emneevaluering**
Evaluering av undervisningstilbodet blir gjennomført i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem.

**Kontaktinformasjon**
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
E-post: studierettleiar@lle.uib.no

**KUN 124:**
**Kunst og arkitektur - moderne tid og samtid (1900 – i dag)**

**Emnenamn, engelsk: Modern and Contemporary Art and Architecture (1900 – Today)**

**Studiepoeng**
15

**Undervisningssemester**
haust

**Undervisningsspråk**
Norsk. Dersom det melder seg minimum 5 utanlandske studentar kan undervisninga bli gitt på engelsk.

**Studienivå**
Bachelor
**Fagleg overlapp**
Emnet har full overlapp med tidlegare emne KUN114.
**Krav til studierett**
Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.
Denne eksamenen er og open for personar utan studierett, etter søknad. Sjå UHL § 3-10

**Mål og innhald**
Emnet presenterer og drøftar karakteristiske trekk ved den norske og internasjonale kunsten og arkitekturen sidan omkring 1900 og fram til vår eiga tid. Geografisk er studiefeltet avgrensa til Europa inkludert grenseområda mot aust og Nord-Amerika. I biletkunsten står avant-garde praksisane tidleg på 1900-talet sentralt, likeeins den amerikanske seinmodernismen og den store spennvidda i den multimediale og sjangeroverskridande etterkrigs- og samtidskunsten.
Sentrale tema i arkitekturhistoria er endringane i arkitektonisk praksis frå rundt 1900, gjennombrotet av den modernistiske ideologien og konsekvensane av dette for arkitektur og byutvikling. Vidare tar emnet opp utviklinga av seinmodernismen i etterkrigstida, modernismekritikken og samtidsarkitekturen.
Emnet skal gje ein oversikt, og samstundes utvikle evna til å nærme seg det enkelte verket som historisk dokument og estetisk objekt. Det tek også opp spørsmål knytte til tolking, historisk kontekstualisering og kunsten og arkitekturen sin performative rolle, korleis den blir nytta med bestemte politiske og retoriske siktemål.
Som ein del av emnet vil det bli gitt ei generell innføring i arkitektur-og biletanalyse.
Val av tematisk tyngdepunkt kan variera frå semester til semester

**Læringsutbyte/resultat**

Ved endt emne skal studentane:

- Ha kunnskap om sentrale tema innan kunst, arkitektur og visuell kultur frå 1900 til i dag.

- Kunne analysere, tolke og gjere greie for ulike verk som bidrag til ei forståing av utviklingstrekk i kunsthistoria.
- Kunne skildre, kontekstualisere og gje ein kritisk refleksjon knytt til ulike fenomen innan kunst og/eller arkitektur frå 1900 til i dag.

**Krav til forkunnskapar**
Ingen

**Tilrådde forkunnskapar**
Kunsthistoriemna KUN121 og KUN122 vil være ein føremon.

**Undervisning og omfang**
Undervisninga vert gitt som førelesingar, normalt omlag 12-14 dobbelttimar.

**Obligatoriske arbeidskrav**
Ingen

**Vurderingsformer**
Eksamen er ein 7 dagars heimeeksamen. Den skriftlege oppgåva skal ha eit omfang på 3500-4000 ord.

## Karakterskala
Karakterskala frå A til F, der E er siste ståkarakter

## Læremiddelomtale
Pensum er på om lag 1000 sider.

## Undervisningssted
Bergen.

## Emneevaluering
Evaluering av undervisningstilbodet vert gjennomført i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem.

## Kontaktinformasjon
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
E-post: studierettleiar@lle.uib.no

## KUN 201: Kunstteori, estetikk og historiografi

**Emnenamn, engelsk: Art Theory, Aesthetics and Historiography**

**Studiepoeng:** 15.
**Undervisningssemester**
Haust og vår
**Undervisningsspråk**
Norsk
**Studienivå**
Bachelor

**Krav til studierett**
Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.

**Mål og innhald**
Gjennom å presentere nokre av dei sentrale omgrepa og analytiske strategiane som har prega faget, skal emnet gi ei innføring i kunstforståinga sine grunnomgrep og ei djupare innsikt i kunsthistorie som fagdisiplin. Dei historiske teoriane sin aktualitet for den faglege debatten om kva kunst og kunsthistorie er, står sentralt.
Emnet kan vektlegge metodiske og historiografiske så vel som kunstteoretiske perspektiv, og emnet kan ta opp nokre av dei teoretiske utfordringane kunsthistoriefaget har møtt og møter frå til dømes feministiske, poststrukturalistiske, eller postkoloniale posisjonar.
Kunnskap om kunstteori og estetikk er grunnlag for å vurdere sentrale problem som: Kva er etterlikning? Kva er venleik? Kva er det sublime? Kva er kunst? Kva er historie? Kva er en smaksdom? Undervisninga er både tematisk og historisk organisert. Dei ulike grunnomgrepa vil bli drøfta i høve til sentrale teoretikarar og konkrete døme frå kunst og visuell kultur.
Val av tematisk tyngdepunkt kan variere frå semester til semester.

**Læringsutbytte/resultat**

- Studentane skal kunne gjere greie for for grunnleggjande omgrep og utviklingstrekk innan kunsthistorisk teori og metode.
- Studentane skal kunne reflektere teoretisk over kunst og visuell kultur.
- Studentane skal kunne skrive analytiske tekster med utgangspunkt i normer og reglar for akademisk skriving.
- Etter å ha tatt emnet er studentane godt førebudd på å forstå og ta del i teoretiske grunnlagsdebattar innan kunsthistorie og visuell kultur.
- Etter å ha tatt emnet er studentane godt førebudd til fagleg, akademisk arbeid på masternivå.

**Krav til forkunnskaper**
Ingen.

**Anbefalte forkunnskaper**
100-nivået i kunsthistorie

**Undervisning og omfang**
Førelesingar, normalt 12-14 dobbelttimar og kollokvieundervisning.
Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi Side. På emne der dette kan vere aktuelt vil studentane får informasjon om det ved semesterstart, og før fristen for semesterregistrering 1. februar / 1. september.

**Obligatoriske arbeidskrav**
Ingen.

**Vurderingsformer**
Eksamen er en 7-dagars heimeeksamen og ein munnleg prøve. Begge eksamensdelane må være bestått i samme semester for at emnet skal være bestått. Muntleg eksamen teller 50% og skriftleg eksamen teller 50% av samla karakter. Oppgåva skal ha eit omfang på 3500-4000 ord.

**Karakterskala**
Karakterskala frå A til F, der E er siste ståkarakter.

**Undervisningssted**
Bergen.

**Emneevaluering**
Evaluering av tilbodet blir gjennomført i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem.

**Kontaktinformasjon**
Institutt for lingvistiske, litterære og estetisk studium.
E-post: studierettleiar@lle.uib.no

## NEU201: NEVROESTETIKK

**Emnenamn, engelsk**
NEUROAESTHETICS
**Studiepoeng**
15

**Undervisningssemester**
Vår/haust, men ikkje fast

**Undervisningsspråk**
Norsk. Dersom det melder seg utanlandske studentar kan undervisninga bli gitt på engelsk.

**Studienivå**
Bachelor

**Krav til studierett**
Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen. Denne eksamenen er og open for personar utan studierett, etter søknad til Studieadministrativ avdeling. Sjå UHL § 3-10

**Mål og innhald**
Nevroestetikk er ein relativt ny disiplin, og ligg i skjeringspunktet mellom kognitiv psykologi, nevrobiologi og kunst. I nevroestetikk nyttar ein modellar primært frå kognitiv psykologi i studiar av korleis hjernen reagerer på estetiske stimuli.
Kurset vil gje grundig innsikt i metodar i nevroestetikk, illustrert gjennom eit utval av særleg sentrale og nyare vitskaplege arbeid innan dette feltet. Grunnleggjande syns-fysiologi i persepsjon av form og farge står også sentralt i kurset.

**Læringsutbytte/resultat**
Etter endt emne skal studentane

- Ha grunnleggjande kunnskapar om korleis estetiske stimuli aktiverer særskilde strukturar i hjernen og korleis kognitive og affektive faktorar interagerer i estetisk persepsjon.
- Vere i stand til å forstå val av metode og eksperimentoppsett (paradigme) ut frå sentrale spørsmål som vert reist i den einskilde studien.
- Ha innsikt i teoriar omkring estetikk i eit evolusjonistisk perspektiv.

**Krav til forkunnskaper**
Ingen

**Tilrådde forkunnskapar**:
Det er god hjelp, men ingen føresetnad, å ha grunnleggjande kunnskapar i psykologi og/eller biologi frå universitetet, slik som PSYK100 og BIO111/BIO114 (UiB). Elles vil det vera tilrådeleg med grunnleggjande kunnskapar i kunsthistorie.

**Undervisning og omfang**
Førelesingar over normalt 12-14 dobbelttimar.
Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi Side. På emne der dette kan vere aktuelt vil studentane får informasjon om det ved semesterstart, og før fristen for semesterregistrering 1. februar / 1. september.

**Obligatoriske arbeidskrav**
Ingen

**Vurderingsformer**
7 dagars heimeeksamen. Omfanget på oppgåva skal vere mellom 3500-4000 ord.

**Karakterskala**
Karakterskala A til F

**Læremiddelomtale**
Pensum er på 500 sider

**Undervisningsstad**
Bergen.

**Emneevaluering**
Evaluering blir gjennomført i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.

**Kontaktinformasjon**
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium.
E-post: studierettleiar@lle.uib.no

## KUN 252 Fotografiet sin teori og historie med bacheloroppgåve

## Engelsk emnetittel:
## The Theory and History of the Photography with Bachelor Thesis

## Omfang:
## 15 studiepoeng

### Undervisningssemester
Vår/Haust – ikkje fast

### Undervisningsspråk
Norsk. Dersom det melder seg minimum 5 utanlandske studentar kan undervisninga bli gitt på engelsk.

### Studienivå
Bachelor

### Krav til studierett
Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.

### Mål og innhald
Emnet er eit fordjupingsemne i spesialiseringa i kunsthistorie. Tema kan variere frå semester til semester. Emnet presenterer og diskuterer ulike teoriar om fotografiet. Men det tar og opp dei ulike brukskontekstane fotografiet har vore og framleis er ein del av, både i privat og offentleg samanheng: til dømes i familiealbumet, på avissida, i reklame, i politisk retorikk og innafor den multimediale og sjangeroverskridande samtidskunsten.
Emnet skal gje innsikt i fotografiet sin teori og historie. Studenten skal kunne nærme seg fotografiske bilete som estetiske objekt og historiske dokument - og analysere enkeltbilete i ulike brukssamanhengar.

### Læringsutbyte/resultat

Ved endt emne skal studentane

- ha kunnskap om dei generelle utviklingslinene innafor historia til fotografiet og dei generelle bruksområda dette mediet har hatt sidan det først blei presentert i det offentlege rommet på1800-talet og fram til vår eiga tid.

- kunne reflektere på sjølvstendig vis over dei teoretiske diskusjonane kring mediet sin eigenart og rolle i samfunnslivet.

- Kunne redegjøre for, og anvende et større tilfang av analytiske og teoretiske omgrep

- Kunne skrive lengre analytiske tekster med utgangspunkt i reglar og normer

for akademisk skriving

- Ha røynsle i å arbeide sjølvstendig med eit kunsthistorisk materiale gjennom bacheloroppgåva

**Krav til forkunnskapar**
Ingen.

**Tilrådde forkunnskapar**
Ingen

**Undervisning og omfang**
Førelesingar: normalt om lag 12-14 dobbelttimar.

**Obligatoriske arbeidskrav**
Det er obligatorisk å levere bacheloroppgåva til rettleiing to gonger i løpet av semesteret til oppsette fristar. Fristane er endelege og vert publiserte på Mi Side. Namneliste med individuelle rettleiingstidspunkt vert publisert på Mi Side ein av dei første dagane etter innleveringane.

**Vurderingsformer**
Eksamen er ei rettleia bacheloroppgåve over eit tema innafor dei faglege rammene i emnet. Omfanget på oppgåva skal vere 4500-5000 ord.

**Karakterskala**
Karakterskala A-F

**Læremiddelomtale**
Pensum er på om lag 1000 sider.

**Undervisningsstad**
Bergen

**Emneevaluering**
Evaluering av tilbodet vert gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.

**Kontaktinformasjon**
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
E-post: studierettleiar@lle.uib.no

